

# Årsmøte Vikebygd Grendeutval Torsdag 14. Februar

## Tilstede:

*Fra styret: Solveig Hortman, Anna Langhelle, Kjetil André Skartland, Stein Andor Sundve, og Frode Tindeland.*

*Fra bygda møtte 19stk.*

**Sted:** Bygdahuset

**Møteleder:** Solveig Hortman

**Referent:** Frode Tindeland

Solveig opna møtet og viste fram Reklamefilmen om Vikebygd, me hadde og tatt med eit av kuskapa og fleire av tunkassane slik at me fekk vist desse fram også.

Solveig vart vald som møteleiar og Frode som referent.

Sakslista vart lest opp og godkjent.

## Saksliste:

- 1. Årsberetning 2018 - v/Frode**
- 2. Regnskap 2018 - v/Kjetil André**
- 3. Premiere - FILM om Vikebygd v/prosjektgruppa**
- 4. Saker frå Grendautvalet**
  - Grendautvalet sitt arbeid Vi kan trekke tråer - ikkje ansvar for større ting
  - Vikebygd.no
- 5. Innkomne forslag -v/Solveig**
- 6. Val -v/Valkomiteen (Frantz, Ingrid Mathilde og Elisabeth).**

**1. Årsberetninga vart leste opp av Frode**

**2. Rekneskap 2018**

Pr. 31.12.20018 har Grendautvalet 121 726,52 kr på konto.

**3. Premiere - FILM om Vikebygd v/prosjektgruppa**

Filmen blei godt tatt imot av dei oppmøtte og filmen vart vist fleire gonger i løpet av møtet.

Anita fortalte litt frå korleis filmen var blitt til, blant annet at det blei valgt bort å ha med stillbilder då det blei bedre dynamikk i kun rein film.

#### **4 . Saker frå Grendautvalet**

##### **Status for prosjekta me held på med er:**

*-Vossasvingane med g/s*

Ferdig romjul 2018, hadde offisiell opning 23. januar 2019

*-Delutbedring av Vikevegen*

Pågår, avhengig av Statens Vegvesen.

*-Reklamefilm*

Premiære årsmøte 2018, skal gjere nokre små justeringer før denne er ferdig.

*-Lys opp Alnavegen*

Pågår. Kostbart prosjekt.

*-Tunkassar*

Produsert – settes ut vår -19

*-KUSKAP – BOKSKAP*

Produsert – settes ut vår -19

##### **Forslag til Handlingsplan for 2015-2019**

- Videre arbeid med utbedring av Fv734 Vikevegen (delutbedringar)
- Gang- og sykkelsti frå Vossasvingbrua til Dommersnes m/lyktestolper
- Skoging i bygda, dugnad
- Gang og sykkelsti med lyktestolper fra Bygdahuset til Kvamme
- Dommersnes Industriområde
- Fleire innbyggerar (barnefamilier)

- Reklamere for bygda, eventuelt, reklamefilm og vidare arbeid med nettstaden [www.vikebygd.no](http://www.vikebygd.no)

### ***Vikebygd.no***

Stein Andor synte korleis ein kunne ta kontakt med grendeutvalet via nettsiden, kor ein kunne finne gamle referater m.m. Han opplyste og om SØK midlene og kor ein søkjar om desse.

I 2018 fekk Grendeutvalet 72.000 frå Søk, dette var noko mindre enn kva som tidligare vart forespeilt. Nokon god grunn for dette har me ikkje fått.

Me har til nå fått inn 3 søknader, «musikk i Vik» -festivalen, innkjøp av teknisk utstyr til Amatørteateret og oppgradering av pipe og ovn til Årvik Skule.

### **5. Innkomne forslag v/Solveig**

På møtet kom Gunn Vikingstad med eit forslag om å starte eit forum for å fremme næring og turisme i bygda. Kanskje invitere inn aktuelle «ressurser» i bygda til møte, eventuelt annonsere forumet slik at dei som har noko å bidra kan komme med idear. . TG-bygg, Dommersnes og Larsen m.fleire var blant namn som vart nemd.

Å bedre standarden på Vikevegen , utbygging av fibernettet og bedre mobildekning vart trekt fram som viktige saker frå dei oppmøtte.

### **6. Val -v/Valgkomiteen (Frantz, Ingrid Mathilde og Elisabeth).**

Espen Årvik og Håvard Tveit vart valde inn og Frode Tindeland og Kjetil André Skartland gjekk ut av styret.

Stein Andor Sundve har takka ja til 2 nye år i Grendeutvalet.